



Arbeidarpartiet

Sunnfjord Arbeidarparti

Program 2023 - 2027

Innhold

Prinsipp for programmet 2023-2027.....	2
Helse og sosial	3
Helse- og omsorgstenester	3
Sosiale utfordringar og inkludering.....	5
Ruspolitikk.....	6
Born og ungdom	7
Felleskulen	7
Barnehage	9
Born og ungdom.....	10
By og bygdeutvikling.....	11
Førde som regionsenter	11
Nærmiljøråd	11
Bustadpolitikk.....	12
Arkitektur	12
Samferdsel.....	13
Aldersvennleg samfunn	14
Kultur	15
Idrett og friluftsiinteresser	16
Frivillig arbeid	17
Beredskap.....	18
Arbeidsliv og næringsliv	19
Næring og verdiskaping	19
Landbruk	22
Energi	24
Arbeidsliv.....	25
Kommunal arbeidsgjevarpolitikk	26
Miljø og klima	27
Eigedomsskatt	28

Prinsipp for programmet 2023-2027

Sunnfjord Arbeidarparti er eit sosialdemokratisk parti tufta på verdiomgrepa fellesskap, likskap og solidaritet. Fellesløysingar gjev mest tryggleik og grunnlag for menneske til å utvikle evnene og forme framtida si.

Sunnfjord kommune skal vere eit ope, inkluderande og raust samfunn. Sentrum og distrikt, born, ungdom og eldre, menneske i alle aldrar, skal oppleve å høyre til og kunne delta i utviklinga av samfunnet.

Sunnfjord Ap ser at samfunnsstrukturen er i sterk endring med ny teknologi, nye kommunikasjonar, urbanisering og trendar. Mange fryktar sentralisering og auka konkurranse med større skilnader mellom folk. Dette kan føre til avfolking av distrikta, fleire blir marginaliserte og fell utanfor fellesskapen. Difor vil Sunnfjord Ap aktivt arbeide for gode vilkår for dei tilsette i kommunen, betre tenesteproduksjonen og styrka tiltak for næringslivet.

Nynorsk skal vere Sunnfjord kommune sitt skriftspråk.

Sunnfjord Ap er medviten om at dei store klimaendringane ein ser og som ein ventar vil kome, er menneskeskapte. Vi erkjenner at skal ein nå 1.5 graders -målet, må det til endringar både lokalt hos oss og i verda. Vi vil føre ein politikk med ønskje om å nå 1,5 graders-målet.

FN sine klimamål skal vere styrande for Sunnfjord kommune sine planar og verksemd!

“Det grønne skiftet” må vere med i all planlegging og drift.

Sunnfjord Ap støttar mineralutvinning på Engebø-fjellet, og vil arbeide for full utnytting av ressursane.

Distrikt og kommunesenter vil også i framtida ha trong for bilen som kommunikasjonsmiddel for å skape ei god næringsutvikling. Sunnfjord Ap vil følgje opp tiltak som gir gode kommunikasjonar og samstundes er gode miljøtiltak.

Menneske på flukt er vår tids store utfordring. Arbeidarpartiet har utforma ein heilskapleg politikk for innvandring og integrering. Sunnfjord Ap vil følgje opp med å ta imot og integrere dei asylantar, kvoteflyktningar og familiegjengeforeinte som blir tilviste til kommunen. Dei samanslegne kommunane har gode røynsler med flyktningarbeidet; det vart bygt opp eit godt mottaksapparat.

Helse og sosial

Helse- og omsorgstenester

Sunnfjord kommune skal ha ei godt utbygd helse- og omsorgsteneste for innbyggjarar i alle aldrar.

Det gjev tryggleik og god førebygging å ha tenestene nær innbyggjarane. Vi vil vidareføre strukturen med førstelinjetenester innan helse og omsorg på Skei, Sande, Naustdal og Førde.

Personar med nedsett funksjonsevne må kunne bidra i heim, arbeid og samfunnsliv i samsvar med interesser og føresetnader, utan unødige hinder.

Vi vil:

- At tenester i hovudsak skal vere offentlege.
- Investere i eldrebustader og sjukeheimsplassar slik at ein har kapasitet til å møte ein stor vekst i tal eldre i kommunen.
- Gjere investeringar som kan bidra til å gjere arbeidskvardagen enklare, betre og trivelegare både for tilsette og pleietrengande i eldreomsorga i Sunnfjord kommune.
- Ha helsesenter på Skei, Sande, i Førde og Naustdal.
- Auke grunnbemanning i institusjonane og i heimetenesta.
- Harmonisere pleiefaktor på institusjonane.
- Ha hensiktsmessig helsestasjonstettleik i kommunen.
- Ha ei god skulehelseteneste på alle skulane våre og på vidaregåande.
- Drive ungdomshelsestasjon og førebyggjande helseopplysning til ungdom.
- At innbyggjarane i kommunen skal ha like tenestestandarar, men med rom for fleksibilitet tilpassa den enkelte brukar.
- Omsorgssenter skal bestå med nær tilknytning til lege, helsestasjon, fysioterapiteneste og psykisk helsevern. Der må vere eit variert bu- og omsorgstilbod med omsorgsbustadar, institusjonsplassar, dagtilbod og avlastningstilbod. Leiinga på omsorgsentra må kunne ta vare på heilskapen i tilboda til brukarane.

- Styrke demensomsorga. Det må vere dagsenter og avlastingstilbod i alle deler av kommunen, og det må vere tilfredstillande kapasitet i institusjonane vedrørande demens. Ein må og styrke heimetenesta slik at personar med ein demensjukdom kan bu lengst mogeleg heime.
- Ein må arbeide for at demenssjukdom blir oppdaga tidlegare, for på den måten kunne sette i verk tiltak tidleg. Ein må også arbeide for at yngre personar med ein demenssjukdom skal kunne stå i arbeidslivet så lenge som mogeleg. Ein vil og jobbe for at Sunnfjord kommune blir eit demensvennleg samfunn.
- Styrke tilsynslegeordninga der det er trong for det.
- Styrke arbeidet til pårørande i kommunen slik at dei kan vere ein ressurs for tenesta og brukarane av helse- og omsorgstenesta i kommunen – oppretting av brukar og pårørandeutval.
- At hørselsomsorga vert styrka
- Sikre eit godt lågterskeltilbod innan psykiatri, med høg profesjonalitet.
- Kommunen etablerer godt samarbeid med brukarorganisasjonar og frivillige.
- Folkehelseperspektivet skal vere ein del av all kommunal planlegging.
- At førebyggjande tiltak skal stå sterkt. Døme: helsestasjonsarbeid, skulehelsetenesta, skulemåltid, miljøteneste i vidaregåande skular, frisklivsarbeid, frivilligsentralen, sosiale møteplassar, bygging av universelt utforma leilegheiter i dei mindre sentra i kommunen.
- Ha godt samarbeid med Råd for eldre og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne.
- Gje Eldrerådet, Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og Ungdomsrådet talerett i kommunestyret i saker som gjeld spesielt for desse råda.

Sosiale utfordringar og inkludering

Forskjellane mellom innbyggjarane våre aukar og fleire og fleire står utanfor i samfunnet vårt. Mange forsørgjer seg og familien sin gjennom ytingar frå det offentlege fordi dei ikkje har ein jobb å gå til. Arbeid gir rutinar, meistring, utvikling, sosial interaksjon og økonomisk stabilitet. For 90-95% av oss er arbeid direkte helsebringande. Som delaktig i yrkeslivet får ein vere ein del eit fellesskap på arbeidsplassen og ein får moglegheit til å forsørgje seg og sine på ein slik måte at heile familien har betre føresetnad for å kunne delta i ulike samfunnslag.

Vi vil:

- Gjennomgå opplæringa på Norsksenteret og gjere opplæringa meir individuelt tilpassa.
- Tenke mål om arbeid tidleg og trening i arbeidslivet også i perioden i introduksjonsprogrammet samstundes med norskopplæring ved Norsksenteret.
- Styrke samarbeidet med frivillige organisasjonar for å gjere det mogeleg for born og vaksne til å delta i organisasjonar og idrett.
- Organisere fadderordning for flyktningar.
- Kartlegge barnefattigdom og lage handlingsplan med tiltak for å redusere barnefattigdom.

Ruspolitikk

Arbeiderpartiet vil føre ein politikk som gjer samfunnet så bra at behovet for rus i seg sjølv vert redusert. God fellesskule, god føreseieleig arbeidslivspolitik og god eldreomsorg er rusførebyggande. Rusproblemet omfattar alkohol, narkotika og vanedannande medikament.

Arbeidarpartiet meiner at rusproblematikken i samfunnet er ei utfordring som storsamfunnet må ta sin del av ansvaret for, og som ikkje berre kan overlatast til enkeltindividet og næringar som omset t.d alkohol.

Sunnfjord Arbeidarparti vil føre ein politikk som har som hovudmål å redusere alkoholforbruket i samfunnet. Dette vil vi gjera ved å vere pådrivar for haldningsskapande arbeid i skule, heim og samfunn. Arbeidarpartiet står seg til rusmiddelforskinga som t.d. viser at alkoholproblema i samfunnet står i direkte samanheng med kor mykje alkohol som vert omsett.

Vi meiner difor at utsalstider for alkohol i butikkane i heile kommunen skal legge seg på eit restriktivt nivå, at tal på skjenkestadar ikkje må aukast ukritisk, og at det også må vera plass til etestader utan skjenkeløyve i kommunen. Det siste for framleis å ha nokre alkoholfrie arenaer. Vi meiner likevel at vi skal ha restauranttilbod i kommunen med alkoholservering, men at det nødvendigvis ikkje er gitt at alle som serverer mat, skal få skjenkeløyve.

Vi vil ikkje at næringsinteresser alltid skal vinne over restriktiv alkoholpolitikk, heller ikkje når det gjeld omsyn til turisme.

Vi vil:

- Føre restriktiv politikk når det gjeld type utsalsstader, salstider og skjenketider for alkohol.
- Stø ein god kontroll av salsstader og skjenkestader
- Styrke det rusførebyggande arbeidet i skulen og få inn opplysning om rus som faste saker i foreldremøte i barne og –ungdomsskulen. Til dette vil vi m.a. bruke rektorane, utekontaktar, helsesjukepleiarane og politiet slik den vidaregåande skulen gjer det i dag.
- Vi vil at arbeidet som er byrja i grunnskulen, vert vidareført i dei vidaregåande skulane.
- Sikre gode møteplassar for ungdom i byen, bygdene og grendene i kommunen.
- Styrke ettervernet innan rusomsorga m. a. ved å auke støtta til psykiatritenesta, heimetenesta og Førde Ressurssenter. Byggje fleire sterkbrukshus og butilbod til bruk for rusomsorga og psykiatrien.

Born og ungdom

Fellesskulen

Ein god oppvekst varer heile livet! Fellesskulen skal møte alle born med ulike bakgrunn, ulike erfaringar og eigenskapar på ein god og tillitsvekkande måte. Alle born skal ha lik moglegheit til å lykkast, og alle born skal ha eit skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.

Barne- og ungdomsskulane i Sunnfjord kommune er av ulik storleik, men uansett storleik vil vi at alle born skal oppleve eit trygt og godt leike- og læringsmiljø.

Kvar elev skal bli sett og høyrte, kvar enkelt elev skal bli følgt opp. Om det ikkje er nok tid for læraren til å hjelpe kvar enkelt elev, vil vi arbeide for å tilsette fleire lærarar i skulen.

Tidleg innsats har vore eit viktig satsingsområde i mange år. Born skal bli møtt med respekt og gjensidig glede, og her må ein allereie første dag skape ein trygg og god relasjon. Vi har stor tru på å bygge eit sterkare lag rundt dei yngste elevane: Spesialpedagogiske ressursar må setjast inn i dei første åra i skulen.

Arbeidarpartiet ønskjer ein lese-, skrive- og reknegaranti. Elevar som ikkje har tilfredsstillande nivå på lese-, skrive- og rekneferdigheiter etter 2. klasse, skal få enda tettare oppfølging.,

Alle skulane i Sunnfjord har tilbod om helsesjukepleiar, men kor mykje tid helsesjukepleiarane har til sitt arbeid i skulen, varierer. Sunnfjord Ap vil sikre at alle skulane får stetta sitt behov innan skulehelsetenesta.

Å skape eit så godt arbeidsmiljø som mogeleg er viktig for alle born, foreldre og tilsette i skulen. Alle skal vere trygge i skulekvardagen, på skulevegen, i skulegarden og ha eit trygt og godt læringsmiljø. Det må gjerast eit krafttak for rekruttering! I tillegg til nok lærarar vil vi arbeide for å få andre yrkesgrupper inn i skulen som miljøarbeidarar, musikkterapeutar, spesialpedagogar og andre faggrupper. Godt samarbeid med heimane er ein føresetnad!

Alle som jobbar i skulen, skal følgje med på at eleven har det bra. Dersom ein vaksen veit om eller trur nokon blir mobba, plaga eller ikkje har det bra, skal ein alltid gripe inn og setje inn dei nødvendige tiltaka, Sunnfjord Ap vil etterspørje og følgje med at skulane våre følgjer regelverket om nulltoleranse mot mobbing.

Krava til symjeundervisning skal følgjast opp på kvar enkelt skule. Utbygging av symjetilbodet ved Førdehuset skal utvidast så snart det er mogeleg.

Vi ønskjer å vere med å legge til rette for meir praktiske valfag inn i ungdomsskulen og vere pådrivar for at elevar skal få høve til praktisk arbeid. Dette kan motivere elevar til å halde fram, å få arbeide og studere noko som dei trivst med og gir meistring og skuleglede.

Vi vil arbeide for å gjere skulefritidsordninga, SFO, om til aktivitetsskule. Gje borna ein rikare kvardag, tilby fysisk aktivitet, kulturskule/aktivitet, fritidstilbod og leksehjelp og gje elevane moglegheit til leik. Vi vil arbeide med å utvide SFO tilbodet, målet er ein heildagsskule.

Aktivitetsskulen/SFO skal ha ei tematisk kopling til innhaldet i skulen.

Vi vil:

- Skulen skal vere offentleg.
- Tilføre ressursar for å gjennomføre tilpassa opplæring.
- Skulen skal ha moderne og opprusta IKT infrastruktur.
- Satse på tidleg innsats; klassane 1 – 4 skal få ekstra merksemd og bli tilført naudsynnte midlar. Born som misser læring, må snarast råd er, få intensiv opplæring.
- Sette større merksemd på meistring enn på konkurranse. Satse meir på læring gjennom leik første året.
- Høg kompetanse hos lærarane. Gi støtte til etterutdanning. Styrke IKT-kompetansen
- Godt og tillitsfullt samarbeid mellom born, foreldre, lærarar og administrasjon. Gode skuleleiarar der kompetanse, ryddige arbeidstilhøve og rettvise ordningar blir fremja.
- Stø tiltak som motverkar fråfall ved overgangen til vidaregåande skule.
- Ønskje få eller ingen strukturendringar i perioden.
- Få til ei ordning med gratis, næringsrikt skulemåltid.
- Bygge ferdig Sande skule etter vedtekne rårer. Ruste opp og vedlikehalde bygg og leikeområde tilfredsstillande for god opplæring og trivsel.
- Ha nasjonal standard på aktivitetsskulen / SFO og arbeide for vidare opptrapping av gratis SFO tilbod i heile skulen.

Barnehage

Å sikre gode oppvekstvilkår for born, gi barnefamiliane tryggleik i kvardagen og styrke arbeidet med integrering.

Vi vil:

- Ha full barnehagedekning. Alle foreldre som ønskjer, skal få tilbod om barnehage når dei ønskjer. Fleire opptak utover året.
- Alle born skal trivast, leike og lære. Tilboda skal ha høg kvalitet og rettast mot tidleg innsats
- Motarbeide kommersialisering av barnehagetilbodet, for å hindre store gevinstar til private ved drift og sal.
- Planlegge og investere i bygg og anlegg, sette av midlar til godt vedlikehald og fornying av bygga.
- Arbeide for at kompetanse- og bemanningsnorm vert nådd.
- Godt samarbeid med kommunen sine helsestenester, PPT og andre offentlege tenester.
- Ha godt samarbeid med grunnskulane og sikre gode overgangar.

Born og ungdom

Vi ser ei utvikling der forskjellar i økonomi gjer at barn /ungdom ikkje deltek på aktivitetar som krev «for stor» foreldrebetaling.

Å jobbe for mindre ulikskap, meir inkludering og ei større rettferd for ungdomen er grunnleggande viktig for den skal ha eit verdig og trygt liv.

Vi vil:

- Støtte ungdomsrådet i kommunen.
- Syte for at barn og ungdom har reell medverknadsrett i saker som kan påverke dei.
- Gi støtte til alle dei politiske ungdomspartia basert på oppslutnad i lokalvalet.
- Gje ungdomsrådet talerett i kommunestyret.
- Syte for at kommunen legg til rette for sosiale lågterskel møteplassar.
- Syte for eit sterkare samarbeid med frivilligheita knytt til arbeid med barn og unge.
- Syte for at elevar har større tilgang til helsesjukepleiar.
- Støtte tiltak NAV har for å få ungdom i arbeid.
- Sørge for at alle born og unge får høve til å delta i fritidsaktivitetar.
- Lokaltransport for ungdom (LTV) skal takast i bruk for å sikre born og unge tilgang til aktivitetar.
- Prioritere midlar for tiltak innan SLT (samordning rus- og kriminalitetsførebyggjande tiltak) og til utekontakt.
- Opprette kommunale fritidsklubbar i alle sentra i kommunen.
- Prioritere tilbudet «Ung Jobb (15 – 17 år), samt aktivitetar for born og ungdom i ferien.

By og bygdeutvikling

Førde som regionsenter

Sunnfjord kommune er eit solid tyngdepunkt og ein naturleg del av den største vekstaksen mellom Bergen og Ålesund.

Byar er i aukande grad viktig for regional utvikling. Næringslivet og auka utdanningsnivå blant ungdom gjev ei sterk urbaniserande trend. Førde er viktig møtestad for befolkninga, næringslivet i nabokommunane og distrikta. Regionsenteret tilbyr viktige sørvistenester som handel, helsetenester, utdanning og kultur-opplevingar. Førde må sjå heilskapleg på utvikling av regionen, og vere open, positiv og lett tilgjengeleg. Førde skal vere ein motor for vekst og utvikling, ein viktig arbeidsmarknad for nabokommunane og gje grunnlag for busetnad i bygder og grender. Regionsenteret skal tilby kompetanse til næringslivet i heile regionen.

Nærmiljøråd

Nærmiljøråda er oppretta som upolitiske lokale pådrivarar til å skape utvikling i bygdesentera i Sunnfjord: Bygstad, Sande, Viksdalen, Skei, Vassenden og Naustdal. Lokale initiativ skal få støtte og rettleiing, for å kunne gjere ein skilnad for folk i bygda, styrke trivsel og attraktivitet. Dei kan også fungere som talerøyr for bygda til kommunen, og omvendt. Eit liknande fora kan også opprettast i Førde.

Arbeidarpartiet ser at råda har hatt ulike utformingar og fått fram svært ulike tiltak som har vore nyttige på sine vis. Vi vil støtte råda både økonomisk og med å leggje til rette for gode tiltak dei tek opp.

Bustadpolitikk

Bustad er viktig for innbyggjarane si velferd. God bustadpolitikk er ein føresetnad for folketalsvekst i Sunnfjord kommune.

Vi vil:

- Sunnfjord kommunen må til ei kvar tid ha ledig bustadareal, ha rask byggesaksbehandling og bygge kommunale utleigebustader.
- Styrke Sunnfjord tomteselskap sin eigenkapital.
- Sunnfjord Ap vil arbeide for at bustadbyggjelag aktivt vil delta i bygging av rimelege og gode bustader i Sunnfjord.
- Bustadbygging /utvikling av bustadområde må halde fram i heile kommunen, og det må leggjast til rette for bustadbygging i grendene.
- Det skal byggjast bustader tilpassa alle grupper, areal- og kostnadsmessig. Særleg skal ein leggje til rette for at det blir bygd rimelege bustader for unge som skal inn på bustadmarknaden, og for eldre som ynskjer ein mindre og meir lettstelt bustad i alderdomen. Frå leige til eige og frå eige til leige.
- Førde sentrum, dei tidlegare kommunesentra og sentra i dei mindre grendene må tilretteleggjast med mål om å skape levande og attraktive område både for næringsverksemd innan sørvis, for fastbuande i alle aldrar, og for besøkande.
- Sikre jamnt og godt vedlikehald av kommunale bygg og anlegg.
- Arbeide for fullfinansiering slik at Gamlebanken i Førde vert ferdig rehabilitert.

Arkitektur

Estetikk og arkitektur har stor vekt for trivsel og tilhøyrslse. Vakker natur er noko Sunnfjord kan vere stolt av! I slike omgivnader må god arealplanlegging og god arkitektur spele med. Vår by, våre sentra og våre bygder skal vere døme på medviten utforming i høve omgivnadane. Det er lett å gi stader dårleg omdøme, rett eller gale, men det tek mykje innsats og lang tid å endre negative merkelappar. Sunnfjord Arbeidarparti vil at krav til arkitektonisk utforming skal ha stor vekt, og vil støtte opp om tiltak som gjer innbyggjarane stolte, og slik også medverkar til større attraktivitet!

Samferdsel

Betre vegar fører folk saman! Gode og trygge vegar og gater er viktige trivselsfaktorar for alle og avgjerande at vi kan ha eit godt fungerande samfunns- og næringsliv.

Moderne høghastigheits breiband er viktig for både sentrum og distrikt. Vi vil:

- Styrke kollektivtilbodet i kommunen. Spesielt viktig er det å knyte saman dei lokale sentra.
- Styrke det interne kommunikasjonsnettverket, bybusstilbodet m.m., i Førde til å femne om større deler av byen td Sunde, og med betre samband mellom Høgskulen, Sentralsjukehuset, Brulandsvollene og Førde sentrum.
- Styrke rassikring og vedlikehald av fylkesvegane. Fv 57, 609, 610, 611.
- Jobbe for vidare utbygging av E39 både forbi Førde og gjennom Jølster
- Jobbe for rassikring av Rv 5 Førde - Naustdal.
- Jobbe for å byggje ut Fv 57 etter vedtekne planar.
- Arbeide for rassikring gang og sykkelveg mellom Førde og Ulltang.
- Arbeide for høghastigheits breiband til alle fastbuande og verksemder innan 2025
- Arbeide for kollektive taxiordningar som "hent meg" i dei meir spreidtbygde delen av kommunen.
- Serviceskyss må vidareførast og utviklast.
- Arbeide for heilscapeleg parkeringsordning i Førde saman med dei næringsdrivande, med parkering i fjell på sørsida av Jølstra. Festplassen må frigjerast frå parkering seinast i 2027 og byggast om til festplass.

Aldersvennleg samfunn

Arbeidarpartiet vil arbeide for at Sunnfjord kommune skal vere ein aldersvennleg kommune.

Å utvikle eit aldersvennleg samfunn er viktig mål i seg sjølv, og vert viktigare etter kvart som det vert ein aukande del eldre i samfunnet vårt. Arbeidet for eit meir aldersvennleg samfunn må vere tverrfagleg.

Å ha eit aldersvennleg samfunn vil seie å ha gode tilbod innan helse og omsorg. Det må vere slik at dei eldre er trygge på å få den hjelpa dei treng, når dei treng det.

Men det er også mykje meir. Eit aldersvennleg samfunn, lokalsamfunn eller by kan forståast som eit inkluderande og tilgjengeleg miljø som fremjar aktiv aldring. (Leve heile livet.)

I praksis handlar det om nok bustader til ein overkomeleg kostnad, der eldre kan leve gode liv så lenge som råd, i sine lokalsamfunn. Universelt utforma bustader der dei eldre er kjende, med grunnleggande tenestetilbod, gjer eldre i stand til å klare seg sjølve lenger. Der må og vere tilgjengelege møteplassar for eldre, og høveleg tilbod av transport. At der er unge som buset seg i nærmiljøet, skule og fritidstilbod, styrkjer og lokalsamfunna opp mot dei eldre, det er eit samspel. Det gjer dei eldre også betre i stand til å bidra i frivillig arbeid, noko som er til det beste for både unge og eldre, for lokalsamfunna og for heile kommunen.

Målet om aldersvennleg samfunn må vere med i all kommunal verksemd der det kan vere relevant.

Vi vil:

- Ha eit nært og godt samarbeid med dei eldre sine organisasjonar.
- Støtte tiltak som aukar dei eldre si deltaking i samfunnslivet.
- Støtte førebyggjande helsetenester for eldre.

Legge til rette for eit permanent lokale til seniorsenter i Førde

Kultur

Vi lever i ei tid med store endringar teknologisk, med internett, flytting, reiser, urbanisering og innvandring. Dette verkar inn på oss og endrar oss. Mange, ikkje minst unge, opplever krav og konkurranse, prestasjonskultur meir enn meistring, som svært vanskeleg, til og med uuthaldeleg.

Nynorsk språk og kultur er viktig identitetsskapar. Dette minoritetsspråket er truga av nasjonale trendar, dominans av bokmål og engelsk påverknad. Å motstå dette krev engasjement og målmedvite arbeid.

Sunnfjord Arbeidarparti meiner at kulturtiltak kan i noko mon motvirke uheldige trendar og hjelpe til betre liv. Ved å fremje breiddekultur, også av frivillige kulturorganisasjonar, sekulære og religiøse med positive inkluderande målsettingar, kan ein skape samhald og fellesskap og motverke rasisme og splittande ideologiar.

Vi vil:

- Sunnfjord kommune skal vere ein sentral, nasjonal nynorsk-kommune.
- Nynorsk språk skal vere rådande i offentleg kommunikasjon.
- Stø institusjonar, organisasjonar og tiltak som fremjar og styrkar nynorsk språk og kultur.
- Det skal snarast lagast kulturminneplan for Sunnfjord kommune.
- Styrke og modernisere biblioteka, både hovudbiblioteket og filialane.
- Støtte Sogn og Fjordane teater, Musea i Sogn og Fjordane, Førde internasjonale folkemusikkfestival (Førdefestivalen) og Rom for ord.
- “Det utvida kulturomgrepet” som til no har vore viktig i Førde for bygging og drift av Førdehuset, skal vere eit prinsipp i vidare bygging av kulturbygg. Arbeide for at Astruptunet skal få bygt eit vitjingssenter, at Sunnfjord museum blir modernisert, at Fossesenteret i Gaular blir realisert og at Kjartan Slettemark, Ludvig Eikås og Oddvar Torsheim får sine visningsstader. Slik kan ei kulturløype av nasjonal verdi byggast til beste både for lokalt publikum og for auka kulturturisme.
- Kulturskulen skal ha ein sentral plass med både grunnopplæring, breiddetilbod og fordjuping. Både musikk, visuell kunst, og dans, må vere representert, og folkemusikk og folkedans er lagt vekt på. Det er viktig å styrke Førde og Sunnfjord sin posisjon som senter for folkemusikk.
- Arbeide for å senke medlemsprisen på Kulturskulen.

- Styrke tiltak og planar som motverkar utanforskap, særleg for ungdom og eldre.
- Utvikle Nynorskhuset til eit nasjonalt senter for teater, media og kulturformidling.
- Opprette kulturkort for ungdom der ein kan få tilgang til gratis aktivitetar.
- Styrke BUA som eit «utstyrsbibliotek» der born og ungdom kan få låne idrettsutstyr.
- Arbeide for Freds- og demokratimonument.

Idrett og friluftsinnteresser

For god helse, trivsel, fellesskap og underhaldning kan idrett ikkje undervurderast. Den organiserte idretten aktiviserer og skaper positive miljø for menneske i alle aldrar. Forventningar om gode tilhøve er ofte dei mest omtala og omdiskuterte tiltaka og byggjeprojekt i kommunen. Samstundes kan nok den organiserte idretten medverke til utanforskap og dårlege tilhøve for nokre. Her må kommunen ha planar og tiltak som hindrar utanforskap.

Vi vil:

- Støtte det gode arbeidet til idretts- og friluftsinnteressorganisasjonane.
- Støtte breiddeidrett, særleg born og unge.
- Vere særleg merksam på og støtte tiltak som kan nå dei uorganiserte ungdomane.
- Arbeide for å styrke idrettsrådet.
- Det er eit mål at representantar for Sunnfjord skal kunne få høve til å hevde seg i idrett nasjonalt og internasjonalt.
- Vidareføre Førde Stadion med tenlege fasilitetar for friidrett og fotball.
- Arbeide fram harmonisering av hall-leige for born og unge.

Frivillig arbeid

Frivillig innsats er viktig for store deler av idretts- og kulturtilboda i lokalsamfunnet. Utan frivillig sektor vil det ikkje vere mogeleg å tilby fritidsaktivitetar eller gjennomføre ulike arrangement.

Vi vil:

- Syte for opprettinga av eit frivilligråd med representantar frå frivilligheita og kommunen.
- Syte for at frivilligsentralen har ei sentral rolle i koordineringa av frivillig arbeid i kommunen.
- Opprette formelt kontaktpunkt mellom kommunen og frivillige lag, foreiningar og organisasjonar.
- Styrke det frivillige livet ved å legge tilrette for samlingsstadar og rimelege lokalitetar.

Beredskap

Sunnfjord kommune skal ha ein god beredskap i heile kommunen. Beredskap vil seie at ein har system for å handtere uønskte hendingar. Det kan vere brann, naturskade, sjukdom og ulykker av ulike slag, skader på infrastruktur og kommunikasjonar. Det er eit sterkt fellesskap som best kan førebyggje og verne oss mot kriser, og dei viktigaste beredskapsressursane finn vi lokalt.

Politi, sjukehus, 2.linje tenester og sivilforsvar er statleg ansvar, medan kommunen har ansvar for brannvesenet, legevakta, miljøretta helsevern og skulehelsetenesta.

Det er eit mål for Arbeiderpartiet å oppretthalde eit velfungerande brannkorps, med brei kompetanse, godt utstyr og desentralisert struktur. Ein må forvente fleire og større naturhendingar i framtida. Nye område vil bli eksponert for flaum og ras, og vi kan sjå føre oss at deler av kommunen kan bli kraftig råka og isolert i lengre tid.

Dette betyr at kommunen må tenke beredskap i eit større bilde og rigge seg for denne utviklinga. Med sin desentraliserte struktur, vil brannkorpset spele ei viktig rolle i beredskapen, særleg i førsteinnsats.

Beredskapen, både på kommunalt og statleg nivå må ruste seg for framtida, både med omsyn til kompetanse, utstyr og samhandling.

Det må leggjast betre til rette for at kvinner kan bidra i brannkorpset.
Vi vil:

- Arbeide for auka kunnskap og merksemd i befolkninga på beredskap.
- Arbeide for auka fokus på reservekapasitet innan matforsyning.
- Ha tilfredsstillande brannvern (Sjå eige kapittel).
- Ha kommunal helseteneste med kapasitet til å møte uventa hendingar.
- God samhandling mellom naudetatane og dei frivillige organisasjonane.
- Kompetanseheving i brannkorpset.
- Ny brannstasjon i Førde.
- Arbeide for å ha naudsynte omkøyringsvegar ved spesielle behov.
- Parkering i fjell bør kunne kombinerast med tilfluktsrom.

Arbeidsliv og næringsliv

Næring og verdiskaping

Sunnfjord kommune skal stå fram som ein næringsintensiv kommune og eit naturleg førsteval for nyetableringar og utvikling av eksisterande næring

Sunnfjord kommune skal ha som mål å vere blant dei tre beste kommunane på næringsutvikling i Vestland fylke.

Arbeidsplassvekst fører til folketalsvekst. Folketalsvekst er eit mål for Sunnfjord Arbeidarparti. Folkevekst gir auka statlege overføringar, som igjen gir fleire og betre tenester til innbyggjarane i kommunen.

Auka attraktivitet, tilgang på arbeidskraft og konkurransedyktig infrastruktur er dei viktigaste føresetnadane for framtidig investeringsvilje. Det grønne skiftet vil utgjere ein sentral del av utviklinga av det lokale næringsliv. Bio-økonomi og sirkulærøkonomi representerer store mogelegheiter for både næringsutvikling og gjenvinning av material og råvarer. Sunnfjord Ap meiner at Sunnfjord kommune må samarbeide med relevante kompetansemiljø for å skape næringsutvikling og arbeidsplassar innan bio-økonomi og sirkulærøkonomi.

Eit framtidsretta og miljøvenleg næringsliv er ein føresetnad for høg sysselsetting og verdiskaping. Nystarta verksemder og grunderar må møte velvilje og krav som er rimelege. Sunnfjord Ap vil støtte opp om Sunnfjord Utvikling som nærings- og tiltaksapparat for Sunnfjord Kommune. Sunnfjord Ap vil støtte opp om arbeidet for næringsutvikling, etablering av klynge-miljø og for at Sunnfjord kommune skal bli en god plass for fjernjobbing.

Sunnfjord kommune vil vere ein sterk kulturkommune, og kommunen skal stimulere til og leggje til rette for kulturetableringar og kulturbaserte næringar.

Sunnfjord Ap vil arbeide for at Campus Førde og Campus Verftet vert kompetansesenter, både som arbeidsplass og samarbeidspartnar for lokalt og regionalt næringsliv.

Mineralstrategien har som målsetting å stimulere til auka lokal og regional verksemd, høg verdiskaping og berekraftig utvikling knytt til mineralnæringa på Engebø. Sunnfjord Arbeidarparti vil arbeide for at mineralinkubator i Førde, i samarbeid med nasjonale myndigheiter, vert eit senter, nasjonal HUB, for innovasjon og grundermiljø som har ambisjon om å minimere restmineral og nytte dei til anna føremål.

Vi vil:

- Satse på grønne arbeidsplassar og grøn omstilling.
- Dersom eit nyskapande selskap ønskjer å etablere grønne arbeidsplassar i regionen, og ønskjer kommunen som medeigar, er dette noko ein bør vurdere å vere med på. Dette kan sikre nye arbeidsplassar til regionen, og kommunen kan ta nytte av dei avkastningane ei slik investering kan ha i framtida.
- Støtte opp om rekrutteringsforum Sunnfjord.
- Støtte opp om Remote Førde.
- Støtte opp om El- fly pilot på Bringeland.
- Støtte opp om Campus Førde og Campus Verftet.
- At det vert bygt opp nyskapande kompetansemiljø og næringsklynger.
- At næringsareal vert utvikla og tilbode bedrifter, investorar og andre som ønskjer å etablere næringsverksemd i kommunen.
- Arbeide for betre samband som knyter kommunen saman.
- Næringsutvikling i Sunnfjord kommune skal baserast på lokale fortrinn i dei ulike delene av kommunen.
- At Sunnfjord kommune arbeider for at innovasjonsretta verkemiddel innanfor distrikt og regionalpolitikk vert styrka.
- Sunnfjord kommune skal vere ein aktiv medspelar med Helse Førde.
- Bruke offentlege innkjøp til å fremje industri og næringsutvikling lokalt og regionalt.
- Utdanningstilboda lokalt og regionalt må dimensjonerast og tilpassaast behova i det lokale næringslivet.
- Auka tilgangen på læreplassar.
- Arbeide for å minimere restmineral på Engebø og nytte dei til anna føremål.
- Legge til rette for at flest moglege arbeidsplassar på Engebø vert drive av lokale eller regionale verksemdar.

- Arbeide for høghastigheits breiband til alle fastbuande og verksemdar.
- Vurdere om ei utbygging av høghastighets mobilt breiband (5g) kan bidra til å gi fleire tilgang til høghastighetsinternett for same investeringa ein ville hatt til klassisk breiband.
- Arbeide aktivt for at statlege arbeidsplassar som skal flyttast frå Oslo, vert lagt til Sunnfjord kommune.
- Legge til rette for aktiv og berekraftig turisme i heile Sunnfjord.
- Arbeide for at eit nasjonalt senter for yrkesfag vert lagt til Førde.
- Arbeide for å styrke høgskulen i Vestland sine aktivitetar i Førde.
- Vestlandslegen er ei ny satsing der UiB vil starte utdanning av nye legar lokalisert til sjukehusa i Helse Vest, bl.a. Førde. Arbeidarpartiet vil arbeide aktivt for å få dette på plass.

Landbruk

Sunnfjord kommune er den største landbrukskommunen i Vestland, og jordbruk, beitenæringar og skogbruk vil vere viktig for næringsaktørar, matprodusentar og kulturskaparar. Vårt mål er eit landbruk tilpassa naturgjevne forhold og geografi.

Det er naturleg at vi har ein inkubator eller eit ressurscenter for landbruk. Ved Mo jordbruksskule, Mo og Øyrane, ligg alt godt til rette for at skulen kan utviklast til eit slikt senter.

Samvirka er i dag under sterkt press grunna daglegvarebransjen si makt, som kjem til uttrykk gjennom EMV (eigne merkevarer) og vertikal integrasjon. (sjå Hurdalsplattformen). Dette trugar ein berekraftig norsk landbruksproduksjon.

I 2004 vedtok Stortinget at norske mjølke- og ammekubruk skulle legge om frå båsdriftsfjøs til lausdrift. Kravet skulle tre i kraft fra 2024. I 2016 ble kravet utsett til 2034.

Lausdriftskravet kan medføre at mange av dei 700 mjølkebruka i Vestland står i fare for å måtte legge ned. Allereide i 2024 trer krav om kalvingsbinge i kraft – det vil også ha store konsekvensar for mindre båsfjøs med små besetningar.

Det er viktig at Sunnfjord kommune får sin eigen landbrukssjef med stab for rettleiing, gje råd og motivere bøndene til utvikling av bruka sine.

Landbrukskontoret skal ha høg kompetanse og vere med å utvikle klimasmart produksjon.

Utmarksbeite er ein ressurs som må nyttast mykje betre enn den blir i dag. Tradisjonelt har både kyr, geiter og sauer beita i utmarka vår. I takt med omstilling og nedlegging av gardsbruk blir denne ressursen mindre og mindre utnytta, i staden vert den eit problem med tilgroing.

Difor må tilskotsordningane justerast slik at det vert økonomi i å drive med beitedyr alt frå små besetningar til større, og det må vere knytta til bruk av utmarksbeite, i heile vekstsesongen. Det vil gi god dyrehelse og god matberedskap. Verdien på gras må opp, på kostnad av subsidiert kraftfor.

Sunnfjord kommune må saman med Vestland fylkeskommune starte opp arbeidet mot nasjonale mynde, for å sikre eit regionalt kornlager. Det er spesielt viktig i vår region som ikkje produserer nemneverdig korn sjølv.

Vi vil:

- Sunnfjord kommune skal utvikle seg som landbrukssenter i Vestland fylke.
- Støtte ein politikk der husdyrproduksjonen vert kanalisert til kommunar som Sunnfjord.

- Arbeide for at lausdriftskravet frå 2034 vert gjort gjeldande kun ved nybygg, og at investeringstilskotet vert auka monaleg.
- Halde oppe sunnfjordgardsbruka og saman med fagliga arbeide for gode rammevilkår som aukar matproduksjonen og held oppe ein desentralisert busetnad.
- Vere aktiv i utforming av nasjonal landbrukspolitik.
- Arbeide for eit forbod mot EMV.
- Arbeide for auke av lokal matberedskap.
- Ha eit sterkt jordvern – omdisponere minst mogeleg matjord til andre føremål. Jordvernet må også ta ansvar for å hindre attgroing av dyrka mark.
- Støtte tilleggsnæringar som heng saman med / kan kombinerast med gardsdrift, t.d. foredling av gardsprodukt, besøksgardar, m.m.
- Jord som blir fjerna skuld vegbygging, bygging av næringsareal og bustadareal, skal takast vare på og flyttast til areal for aktivt jordbruk.
- Legge til rette med skogsveggar, velteplassar og sterke nok grendavegar til å tole tungtrafikk frå mjølkebilar og tømmerbilar.
- Oppretthalde bu- og driveplikt
- Vere med å bidra til god dyrevelferd gjennom tilpassa veterinærdistrikt og vaktordningar.
- Støtte næringsmiddelindustri som foredlar lokale råvarer, til dømes Nortura.
- Sørge for betre berekraft i landbruket gjennom auka bruk av utmarksbeite, sætring, klimatilpassing, investering i jord og etableringa av eit nasjonalt senter for fjellandbruk. (Hurdalsplattforma)
- Leggje fram og gjennomføre ein opptrappingsplan for trygg matvareproduksjon på norske ressursar og setje eit mål for sjølvforsyningsgrad av norske jordbruksmatvarer, korrigert for import av forråvarer, på 50 prosent. (Hurdalsplattforma)
- Arbeide for eit regionalt kornlager på Vestlandet.

Energi

Arbeidarpartiet vil sikre nok kraft til omstilling som Norge skal gjennom i det «grøne skiftet»! Vi vil jobbe for jamnast mogelege kraftprisar i heile landet! Sunnfjord har til no høyrte til den delen av Noreg som har hatt låge straumprisar. Ved å vere medeigar i Eviny/BKK og SFE har vi også mange arbeidsplassar knytt til kraftnæringa. Utjamning av straumprisane og kraftig straumstøtte til forbrukarane og næringar i dei mest råka områda, har vore ein viktig og rett politikk frå den raudgrøne regjeringa. Arbeidarpartiet vil byggje ut meir fornybar energi, og kraftoverskotet skal gi auka verdiskaping og sysselsetting. Vi vil arbeide for etablering av nye næringar i Sunnfjordregionen. Vi har opparbeida næringsareal med tilgang til store energimengder, dette føremonet må vi utnytte.

Vi vil:

- Arbeide for auka produksjon av fornybar energi som fornying og utvikling av eksisterande vasskraftverk.
- Arbeide for framtidsretta industri og teknologiarbeidsplassar.
- Arbeide for utjamning av nettleiga.
- Elektrifisering av bilparken til kommunen.
- Etablere klare mål på reduksjon av energiforbruk gjennom ENØK tiltak..
- Etablere ny produksjon basert på solseller og solfangarar. Kan lokalisrast på eksisterande bygningsmasse som kommunen eig.
- Dersom kommunen får søknad om utbygging av vindkraft, skal partiet ha dette som sak på medlemsmøte.

Arbeidsliv

Økonomisk vekst og nye arbeidsplassar skal skapast gjennom eit anstendig arbeidsliv. Sunnfjord Ap vil arbeide mot sosial dumping og arbeidskriminalitet. Dette er ein svært viktig føresetnad for god samfunnsutvikling.

Vi vil:

- Satse på fleire grøne arbeidsplassar og grønn omstilling.
- Ha som målsetting at alle arbeidsføre skal ha jobb
- Trygge arbeidstilhøve og godt arbeidsmiljø for alle tilsette.
- Arbeide for å gi fleire menneske med funksjonsnedsetting mogelegheit til å få jobb, også sommarjobbar, lære – og praksisplassar.
- Syte for at bedrifter har tilfredsstillande rammer til å følgje opp personar i arbeidspraksis. Styrke arbeidsplassen som læringsarena med tilbod om etter- og vidareutdanning og gjerne med høve til å få fagbrev.
- Arbeide for ein seniorpolitikk som legg til rette for at folk kan og vil stå lenger i arbeidslivet
- Auke tal lærlingar i kommunen til minst 2 per tusen.
- Arbeide for heildagskultur med hovudregel fulle stillingar.
- Vere aktive i arbeidet mot sosial dumping ved å krevje at leverandørar til kommunen har tariffavtalar og er godkjent som lærlingbedrift.
- Offentlege tenester skal i hovudregel utførast av det offentlege.
- Sunnfjord kommune arbeider ut eit reglement for anbod der klima og tal lærlingar kan ha positiv vekt, og som vil motverke sosial dumping og arbeidslivskriminalitet.

Kommunal arbeidsgjevarpolitikk

Dyktige medarbeidarar og gode fagmiljø er avgjerande for at vi får ein slagkraftig ny kommune.

Vi vil:

- Arbeide for likestilling i samfunnet og arbeidslivet.
- Satse på tiltak til yrke som har rekrutteringsvanskar.
- Arbeide for ein seniorpolitikk som legg til rette for at folk kan og vil stå lenger i arbeidslivet, når dei er arbeidsføre.
- Gode fagmiljø med høve til kompetanseutvikling.
- Ha trygge arbeidsplassar, fast tilsetting framfor innleige av arbeidskraft
- Like løns- og arbeidsvilkår
- Ha ein heiltidskultur.
- Samarbeid gjennom nettverksgrupper og hospitering.
- Etablere fagleg gode lærling- og praksisplassar.
- Sterkt fokus på arbeidsmiljø.
- Tilrettelagde turnusordningar i samarbeid med dei tilsette og tillitsvalde.
- Innføre kjønnsnøytrale stillingstitlar.

Miljø og klima

Klima- og naturkriser er vår tids størst utfordring ved sida av krig. For Arbeidarpartiet er det viktig å vere miljøvenlege, kutte klimagassutslepp, prioritere effektiv energibruk og byggje på ein klimavenleg måte! Vi må bremse klimaendringane, ha gode planar for klimatilpassing og verne verdfull natur, matjord og artsmangfald. Kommunane har ansvar for mange oppgåver som påverkar miljø og klima. Døme er tilrettelegging av infrastruktur som vegar, bustadfelt, reint vatn og renovasjon.

Kommunen sitt breie spekter av arbeidsoppgåver krev mange tilsette med kunnskap om miljø, klima og berekraftig utvikling. Klimaomsyn skal vere med i alle kommunen sine tenester.

Vi vil:

- Vi ynskjer at vår nye kommune skal byggjast på “best praksis”. Ein viktig del av “beste praksis” er FN sine berekraftsmål.
- Vi vil skape bærekraftig utvikling ved å jobbe på tre område: Klima og miljø, økonomi og sosiale forhold. Med utgangspunkt i FN sine berekraftsmål ønskjer vi å lage ein strategi. I arbeidet vil vi invitere med innbyggjarar og næringsliv.
- Vekte klima- og miljøomsyn med minimum 30 prosent i offentlege anskaffingar.
- Styrke arbeidet for sirkulærøkonomi ved mellom anna å prioritere reperasjon og oppgradering av bygg, halvere matsvinn, legge til rette for gjenbruk og utlåns- og låneordning lokalt.
- Styrke energieffektiviseringsarbeidet i kommunale bygg.
- Vi vil satse vidare på Sunnfjord kommune som sykkelkommune
- Betre kollektivtilbodet.
- Arbeide for at Sunnfjord kommune kvalifiserer seg for ordninga Miljøfyrtårn.
- Arbeide for ein “plastfri” kommune.
- Kommunale køyretøy skal vere null-utslepps innan 2025
- Ved leige av køyretøy skal kommunen krevje null-utslepp.
- Auke monaleg tilgjenge til ladestasjonar for køyretøy.

- At det blir tilknytt fagfolk på miljø og klima i næringsetaten.
- Sunnfjord kommune arbeider ut tilstandsanalyse, budsjett og rekneskap for miljø og klima.
- Syte for at alle innbyggjarane i Sunnfjord kommune har lett tilgang til kjeldesortering.

Eigedomsskatt

Sunnfjord Ap vil føre ein økonomisk politikk der inntekter og utgifter skal gå i balanse. Tenestene skal vere gode og ha føreseielege rårer.

Investeringane skal vere tilpassa den gjeldande økonomien i kommunen og ikkje overstige det som blir betalt i avdrag etter frådrag for eigenkapital.

Eigedomsskatt er ein tenleg måte å omfordele verdier i samfunnet på. Eigedomsskatten skal vere tilpassa trongen for gode tenester innan oppvekst, helse og omsorg!

Naturressursar bør skattleggjast slik at overskotet går til fellesskapet samstundes som selskap, offentlege og private, kan vinne ut lønsame ressursar.

